

Til
Lindås kommune
v/Eigedomsavdelinga

Støtte til søknad om dispensasjon frå arealkrav til lærararbeidsplassar ved nye Knarvik barneskule

Som hovudtillitsvald for Utdanningsforbundet Lindås har eg vore med i delar av prosessen rundt teikningane til nye Knarvik barneskule. Eg har vore i dialog både med prosjektleiinga og dei tilsette ved tillitsvalde.

Pr i dag ligg det føre to alternativ kontorarbeidsplassar for lærarane. Det alternativet som tilfredsstillar arealkrava til kontorarbeidsplassar fullt ut, vil etter mi meining ikkje vere det beste alternativet for dei som skal arbeide ved skulen. Dette alternativet vil for dei tilsette innebere eit større halvøpe kontorlandskap som er delt av med halvveggar og skiljeveggjar. Ei slik løysing vil innebere ein del støy og gjennomgangstrafikk for dei som sit og jobbar.

Det andre alternativet inneber arbeidsrom for seks og seks lærarar, der arealet i kvart rom er noko mindre enn arealkravet på 6kvm pr person. Då vil lærarane i direkte tilknytning til arbeidsromma få areal for samarbeid, samt lærarbibliotek. Om dette arealet reknast saman med arealet for arbeidsromma, vil vi kome opp i 6kvm pr person.

Arbeidskvardagen for tilsette i skulen blir meir og meir digitalisert. Kvar einskild lærar har difor ikkje lenger det same behovet for hylleplass til permar og papir som før. I større og større grad er læremiddel og anna ressursmateriell til felles bruk blant dei tilsette. Difor er det veldig positivt at det er teikna inn to lærarbibliotek i nær tilknytning til arbeidsromma. Dette reduserer òg behovet for hylleplass for den einskilde lærar på arbeidsrommet.

For lærarane er det viktig å ha ein avskjerma arbeidsplass for det individuelle arbeidet, men det er òg viktig at det finst godt med areal der dei kan samarbeide med kollegaer i ulike samanhengar utan å uroe dei som sit med sitt individuelle arbeid.

Den løysinga som det no søkjast dispensasjon for, vil etter mi meining samla sett best ivareta dei behova som lærarane har i sitt arbeid, både i høve til det individuelle arbeidet, til samarbeid og til lagring av felles læremiddel og ressursmateriell. Dette er òg i samsvar med kva dei tilsette har uttalt. Eg vil difor tilrå at Arbeidstilsynet i dette tilfellet gjev dispensasjon frå arealkrava til kontorarbeidsplassane.

Med helsing



Jarle Næss

Hovudtillitsvald Utdanningsforbundet Lindås